

---

Saksnr: 2020/45564-3  
Saksbehandlar: Roald Breistein

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

**Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring****Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av forvaltningsrevisjon om fråfall i vidaregåande opplæring, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.

**Samandrag**

Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og av kontrollutvalt i Vestland fylkeskommune ved eit tidlegare høve, på bakgrunn av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 12.12.2018. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den fjerde oppfølginga av forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorråddevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Statusrapport per 04.11.2020 - Handlingsplan om fråfall i vidaregåande opplæring
- 2 Vedlegg - Statusrapport per 04.11.2020 - Handlingsplan om fråfall i vidaregåande opplæring

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 108/2018 i møte 12.12.2018:

*«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:*

- 1. Sikre at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.*
- 2. Sikre at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.*
- 3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.*
- 4. Sikre at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.*
- 5. Leggje ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.*
- 6. Analysere årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.*
- 7. Arbeide for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.*
- 8. Sette i verk tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.*
- 9. Sikre at OT, og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt.*
- 10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
- 11. Alle tiltak som vert sett inn for å førebyggja og redusera fråfall bør evaluerast.»*

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve og av kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune ved eit tidlegare høve der det i møte i kontrollutvalet 11.05.2020 vart gjort slikt vedtak:

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6, 7, 8 og 9 i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, innan 04.11.2020.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp kommunestyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat med vedlegg dagsett 06.10.2020 frå fylkesrådmannen. Dette inneheld ein grundig skriftleg status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring. Av notatet går det fram at det meste av forbetningsarbeidet no er ferdig gjennomført eller i ferd med å bli ferdig gjennomført.

På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet vera nøgd med det arbeidet som er gjort, ønskje lukke til i det vidare arbeidet og seie seg ferdig med saka.

### Konklusjon

Som konklusjon på det som kjem fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet seier seg nøgd med det som kjem fram i tilbakemeldinga frå fylkesrådmannen når det gjeld oppfølging av

forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, ønskjer lukke til i det vidare arbeidet og seier seg ferdig med saka.